



I fjor var det 16 uskedelingar med i fotballskulen og her er dei fleste av dei

Måndag startar årets TINE Fotballskule i Rosendal og Uskedalen blir svært godt representert. Ikkje berre vil det vera 18 deltakarar, det stiller også opp 7 instruktørar som er heimehørande her i bygda. Primus motor Arvid Nes har dette året sett sluttstrek ved 112 deltakarar i dette svært populære tiltaket. Det varer i 3 dagar og blir avvikla på både kunstgras og vanleg gras. Deltakarane er født i tidsrommet 1998-2003.

Dette er instruktørane frå Uskedalen:

Katrine Yri Røssland, Kari Bråtun, Lars Johan Myklebust, Eirik Musland, Tommy Røssland, Gøril Samland Eik og Hege Lekva.

Dette er deltakarane frå Uskedalen:

Amalie Hovden Rød, Bjørn Olav Kjærland, Emil Bakke Berntsen, Emilie Bringedal, Hanne Tvilde, Harald Myklebust Lekva, Jarald Jensen Eide, Karsten Andre Haugland, Kjartan Elias Tungesvik, Martin Yri Røssland, Ingvill Myklebust, Robert Nilsen Stensletten, Sander Simensen, Sondre Steinsletten Myklebust, Tørres Myklebust Lekva, Fredrik G. Haugland, Vegard Tungesvik og Mia Storevik Myklebust.

Det er sjuande gongen fotballskulen blir halden i Rosendal og interessa er stor og vaksande sjølv om det også er TINE Fotballskule på Husnes. Den vart avvikla onsdag, torsdag og fredag i veka som gjekk med 85 deltakarar.

Arvid Nes har

akkurat no 12 på ventelista si.

Frammøtet er litt før klokka 9 i morgon i gymsalen for registrering, puljeinndeling og utdeling av utstyr og skuletida er frå klokka 9 til 14 kvar dag.

Dette er ein svært fornuftig måte å starta sommarferien på!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen